



Bøsseberarane klare til innsats måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Helselaget i Uskedalen gjennomførte på to timar måndag kveld den årlege innsamlinga til demensaksjonen og leiar Selma Eik kunne notera ny rekord.

Det kom inn 20.272 kroner medan fjorårs-summen var 15.565 og den tidlegare rekorden litt over 18.000.
- Uskedalingane er gavmilde, er Selmas konklusjon.

Ho hadde 22 bøsseberarar til disposisjon denne gongen medan to var "mottakssentral". Uskedalen har tradisjon for å vera på topp av bygdene i Kvinnherad med omsyn til innsamla sum.

65.000 nordmenn har demens og 25.000 er pårørande. Pengane som kjem inn under denne aksjonen bidreg til å gjera livet lettare for mange.

- Gløym ikkje dei som sjølv gløymer, er oppmodinga som også mange uskedalingar tydelegvis hadde merka seg.

Av Ola Matti Mathisen